



PRESSEMELDING

PRESSEMELDING

PRESSEMELDING

PRESSEMELDING

Telefiber AS går inn i lokal kompetansebedrift.

Telefiber AS har kjøpt 51 % av aksjene i NC-Spectrum AS og blir dermed største aksjonær i det Kviteseidbaserte selskapet. NC-Spectrum sine eigarar har i lengre tid søkt ein større industriell investor som kan bidra til selskapets vidareutvikling og vekst i ein attraktiv men krevjande marknad. Det har difor vore eit ynskje om å få inn ein ny og sentral aktør på eigarsida. Hensikten til Telefiber med å gå inn i selskapet er å sikre kompetansen i nærområdet samt å være med på ei vidareutvikling av eit spanande selskap med spisskompetanse innan moderne digital infrastruktur. Heilt frå starten har NC-Spectrum vore Telefiber sin viktigaste leverandør av drifts- og supporttenester.

NC-Spectrum AS:

NC-Spectrum AS er ei ingeniørbedrift som bistår andre verksemdar med kompetanse innan planlegging, drift og vedlikehald av moderne digital infrastruktur. Mellom anna kommunar og selskap i kraftbransjen er kundar hos NC-Spectrum. Selskapet støttar opp om kundanes driftsmiljø og har tung kompetanse på ny og relevant teknologi. NC-Spectrum har vore Telefiber sin samarbeidspartnar og leverandør av drifts- og supporttenester heilt frå oppstarten av Telefiber i september 2006.

NC-Spectrum har eit klart mål om framleis å vere eit frittstående konsultentselskap som tilbyr gode tenester til alle sine kundar. Saman med Telefiber ynskjer me å heve kompetansen i begge selskapa gjennom å halde fram det gode samarbeidet. NC-Spectrum har intensjon om å vekse, og som fylgje av auka omsetning tilsette fleire medarbeidarar i tida som kjem. Telefiber har vore, og er framleis, ein av NC-Spectrum sine største kundar, og det var difor ei gledelig nyhende då det blei klart at det var nettopp Telefiber som vart den nye eigaren.

Telefiber AS

TeleFiber AS er eit selskap oppretta i samband med satsing på breibandstenester i Vest-Telemark. Selskapet er ei vidareføring av breibandsatsinga til Rauland Kraftforsyningslag og Vest-Telemark Kraftlag. Selskapets virkeområde omfattar også Hjartdal kommune. Telefiber AS leverer internett over fiber, koparnett (ADSL) og radioaksess. I tillegg leverer selskapet transport til andre aktørar som td. Telenor, Ventelo og Statkraft over fiber. Selskapet har to tilsette, og årleg omsetning er aukande og vert i år om lag 12 mill kr. Selskapet er eigd av Vest-Telemark Kraftlag(40%), Rauland Kraftforsyningslag(40%), Hjartdal Elverk(10%) og Vest-Telemark Næringsutvikling(10%).

For ytterlegare informasjon:

NC-Spectrum AS:

Dagleg leiar Eva Brekka, mobil: 976 80 216, e-post: eva.brekka@nc-spectrum.no eller Styreleiar Leif Kronstad, mobil: 932 49 040, e-post: leif.kronstad@itcnordic.no

Telefiber AS:

Dagleg leiar Agnar Nilsen, mobil 418 85 580, e-post: agnar@telefiber.no eller Styreleiar Kjetil Kvaale, mobil: 971 41 311, e-post: kjetil.kvaale@vtk.no

PRESSEMELDING

PRESSEMELDING

PRESSEMELDING

PRESSEMELDING